Meland kommune

Bjørn Hagen AS
Postboks 3
5906 FREKHAUG


Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar: Vår: 18/2685 - 18/25823	Marianne Aadland Sandvik marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no	11.12.2018

Godkjenning - GBNR 23/490,302,362 - frådeling og ny festegrunn for meir enn 10 år - Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 334/2018

SAKSUTGREIING:

Tiltak:
Gisle Skauge og Meland kommune v/ordførar Øyvind H. Oddekalv har på vegne av eigarane av gbnr. 23/490, 302 og 362 søkt om løyve til frådeling av eit areal på om lag 190 m^2 og om oppretting av festegrunn for arealet.



Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 21.11.2018.

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:
Oppretting av ny grunneigedom og oppretting av festegrunn for bortfeste er *«tiltak»* etter pbl § 20-1 bokstav m), og er søknadspliktig etter § 20-2. Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at *«[o]pprettelse av ny grunneiendom (…), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold i strid mot denne lov, forskrift eller plan.»*

Det omsøkte arealet er omfatta av Områdereguleringsplan for Frekhaug Senter, planid: 125620100004, og er satt av til gangareal og offentleg tenesteyting. Under føresetnad av at arealet skal nyttast til dette føremålet også etter frådeling, finn administrasjonen at frådeling ikkje er i strid med gjeldande plan, jf. pbl § 26-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m) løyve til frådeling av areal og oppretting av ny festegrunn som omsøkt og vist på vedlagte kart.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl § 21-9.»

*****

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bjørn Hagen AS	Postboks 3	5906	FREKHAUG
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG